

Frukt og grønt er miljømat

Kvart år blir det 80 millionar nye munnar å mette på jorda. Derfor blir det stadig viktigare å tenkje over kva vi et.

AV TROND RØDVIK | PUBLISERT 23. MAI 2016 | OPPDATERT 3. FEB. 2020

Illustrasjon av en gulrot.

Gulrot er bra for kropp og klode! Illustrasjon: Melkeveien designkontor

Produksjon av mat krev mykje ressursar. Traktorar skal ha drivstoff, og maskiner skal ha straum. Matproduksjon fører og utslepp av skadelege gassar. Drivhusgassar. Gassane stig opp i atmosfæren og legg seg som eit lokk rundt jorda. Som i drivhus blir det varmare og varmare.

Full av gass

Matproduksjon av både fisk og svinekjøtt belastar miljøet mykje. Men tre gonger verre er den gras-gnafsande oxen. Ei skikkeleg miljøbombe. Oksepromp er full av metangass, ein av dei verste drivhusgassane.

Illustrasjon av en okse som spiser gress.

Illustrasjon: Melkeveien designkontor

Frukt og grønt

Vegetarmat som frukt og grønsaker er derimot bra både for menneska og miljøet. Det kjem lite miljøgassar frå plantedyrki og frukt og grønsaker er sunt for kroppen din.

MAT OG HELSE MAT

Meldinger ved utskriftstidspunkt 4. april 2025, kl. 18.45 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.